

100408

Dagbladet

INNLEGG ^{4/7-1991} OG UTFALL

Rehabilitering og forsoning

Det er eit eller anna udefinerbart lettbeint, for så vidt hyggeleg, over Hans Fredrik Dahls medieopptreden, litt i stil med Nøttelitens «hopp og sprett og tjo og hei».

Så og i hans tilsvaret (28.6.) til mitt innlegg «Quislings nye klær» dagen før. Det går «fra tre til tre så bustehalen står». Kort fortalt har

FØLG

**QUISLING-
DEBATTEN
I DAGBLADET**

■ ■ Arnfinn Moland svarer H.F. Dahl og sier at hans Quisling blir mer og mer lik en svart-hvit-utgave.

her jeg mener å ha andre resultater og vurderinger å legge fram». Viktig, ja, men ikkje godt nok som markedsføring.

At det er slik media fungerer, veit Dahl, meir «besynderlig» var ikkje mitt utspel. Eg fastheld mitt forsvar, ikkje for «en forvrengning», men for eit ords rette meningsinnhald: «rehabilitering (fr., t.), oppreisning, gjeninnsettelse i tidl. stilling, gjenoppnåelse av tidl. anseelse.» (Aschehoug konv. leks.) Dette er korkje pessimisme på vegne av språket eller mangel på innsikt, heller ikkje noe så banalt som at «ting kan mishøres i farten eller oppfattes feil». Derimot har det vel med presisjonsnivå i historikarfaget å gjera?

han, gjennom diverse meir og ikkje minst mindre heldige utsegn om Quisling fått aviser og TV til å ta bruk ord som «rehabilitering» og «oppreisning». Dette hadde ikkje vore muleg med hans siste, meir trivielle presisering, og det er mitt hovedpoeng: «Quisling (har) i åras løp pådratt seg anklager for en lang rekke andre forhold» og «det er

Slik det ser ut etter denne oppklaringsrunden, vil Dahls Quisling bli ei meir svart-kvit utgåve. Kvitare i kantane, der han før bare var grå, men altså beksvart i kjerna der han før var bare svart: Dahl vil leggja fram materiale som viser at «forræderiet både subjektivt og objektivt var enda dypere enn man trodde i 1945». Vi ser fram til hausten.

Dahls tilsvaret gir meg høve til å gripa fatt i eit par andre sider ved hans utspel. Først hans utsagn om kva som ville skjedd i tilfelle Quisling ikkje hadde fått dødsstraff. Då ville «en Milorg-gruppe helt sikkert...tatt saken i egen hånd og tatt ham i fengslet». (Dagbladet 18.6.) Skal ein historikar i det heile meina noko om eit kontrafaktisk utsagn lik «kva ville skjedd dersom...» bør han i det minste trø varsomt. Det fins ingenting i kjeldene om Milorgs opptreden i frigjeringsfasen som sannsynleggjer det Dahl her hevder. Når han då veit «helt sikkert», blir det useriøst.

Til slutt: Dahl har arbeidd mye dei siste åra i arkiva til «Institutt for okkupasjonshistorie» og har hatt god kontakt med dei som offentleg representerer den sida under krigen som i dag typografisk blir skriv slik: den «gale». Han «har lært disse menneskene å kjenne som meget åpne», bl.a. styreformann Knut Baardseth, som i Dagbladet 19. juni hevdar at «Quisling var ingen forræder». Baardseth overraskar ikkje, det gjer derimot Dahl – ut fra kva han tidlegare har sagt om samanblanding av moral og okkupasjonshistorie, og ut fra hans kjennskap til gamle NS-folk: «De vil gjerne treffe krigsveteranene og andre som var deres motstandere under krigen, men de er ofte blitt avvist. Jeg skulle ønske andre var like innstilt på forsoning som dem». For det første: korleis skal denne prosessen gå for seg? Den part Dahl omtaler som «meget åpne» forsvarar sine handlingar på alle punkt. Eg må derfor gå ut frå at Dahl meiner motstandsmenn og – kvinner burde ta Baardseth & Co. i handa, slå ein strek over fortida og «forsonast». For det andre: kvifor dette ynskje om forsoning? Biskop Per Lønning var den siste som i ein liknande samanheng kom trekkjande med dette vassne ordet, eit rituale som bare tilsørar at folk har forskjellige politiske og ideologiske haldningar og at dette gir ulike handlingsmønstre i ei krisetid, men kvifor ein historikar?

Nei, la oss bli kvitt akkurat denne vinklinga på okkupasjonshistoria, eller la det i det minste bli ei sak for teologane. I motsatt fall får vi historieløse sett i system.

Arnfinn Moland